

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 15.01.2010
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 17.01. 2010**

Styresak 003/10 O

Styremøte 03.02. 2010

Administrerende direktør si orientering pkt 10

Dato for brev	Saka gjeld	Status
22.07.09	NOU 2009: 18: Rett til læring. Innstilling frå utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilte behov.	Høyringsfrist 27.11.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar. Uttale sendt 26.11.09. Uttalen er konsentrert om dei punkt som er mest aktuelle for spesialisthelsetenesta. Dette gjeld særleg forslag om at PP-tenesta i kommunane skal få ein sjølvstendig tilvisingsrett til barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk og til barnehabiliteringstenesta. Helse Vest har uttala seg kritisk til dette forslaget. Vidare gjelde det forslag om omorganisering av Statped der det mellom anna blir fremme forslag om at årsverk i sentra for samansette lærevanskar blir kutta frå 145 årsverk til 30 årsverk på landsbasis. Helse Vest støttar ikkje dette forslaget. Det er også gitt kommentarar i forhold til IP-koordinatorar og drøfta behov for fornya opplæring i grunnleggjande ferdigheitar etter sjukdom og skade.
11.09.09	Utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskoleutdanning.	Høyringsfrist 11.12.09. Uttale ikkje gitt.
16.09.09	Revidering av rettleiar IS-1022, Helsetenesta sitt tilbod til asylsøkarar og flyktningar.	Høyringsfrist 01.12.09. Helse Vest har hatt rettleiaren til høyring i helseføretaka. Det er kome inn kommentarar frå Helse Stavanger som er vidaresendt.
19.10.09	Direktoratet for samfunnssikkerhet og	Høyringsfrist 07.12.09.

	beredskap har sendt ut forslag til forskriftsendring som gjeld indeksregulering av avgifter.	Uttale ikkje gitt.
10.11.09	Høyringsnotat om endringar i barnehagelova. Saka gjeld forslag som følgje av ny formålsføresegn.	Høyringsfrist 15.01.10. Uttale ikkje gitt.
18.12.09	Utkast til retningslinjer for medlemmer i forskningsetiske komitèer.	Høyringsfrist 01.03.10.
21.12.09	Høyring – Strategi for modernisering av sentrale helseregister og medisinske kvalitetsregister.	Høyringsfrist 22.02.10.